



Arkivnr: 2015/11957-5

Saksbehandlar: Knut Djuve

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for Miljø og samferdsel		10.02.2016
Fylkesutvalet		24.02.2016

## Søknad om finansieringsbidrag til prosjektet Stad skipstunnel

### Samandrag

Prosjektgruppa for Stad skipstunnel har i brev frå 07.12.2016 bede om økonomisk stønad frå Hordaland fylkeskommune til Prosjektet Stad skipstunnel. Stad skipstunnel vil gå mellom Moldefjorden i Nordfjord og Kjøddepollen på Sunnmøre. Tunnelen vil kunna gje fartøy på storleik med Hurtigruta tryggare segling forbi det værutsette Stadhavet.

Prosjektgruppa driv påverknadsarbeid for å få realisert Stad skipstunnel som eit nasjonalt prosjekt prioritert i første fireårsperiode av NTP (2018- 2027), og med byggestart i 2018. Til dette arbeidet søker prosjektgruppa for Stad skipstunnel om eit finansieringsbidrag på kr. 100 000 for 2016.

### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek å løyva kr. 100. 000,- som tilskott til prosjektgruppa for Stad skipstunnel. Løyvinga vert dekkja innanfor samferdselsavdelinga sitt budsjett for 2016.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Søknad om finansieringsbidrag til prosjektet Stad skipstunnel
- 2 Vedlegg til søknad - prosjektplan Stad skipstunnel

**Fylkesrådmannen, 29.01.2016**

### **Bakgrunn**

Prosjektgruppa for Stad skipstunnel har i brev frå 07.12.2015 bede om økonomisk stønad frå Hordaland fylkeskommune til Prosjektet Stad skipstunnel.

### **Om Stad skipstunnel**

Stad skipstunnel vil gå mellom Moldefjorden i Nordfjord og Kjøddepollen på Sunnmøre. Tunnelen vil vera 1,7 kilometer lang, 37 meter høg, ha ei breidde på 26,5 meter og vil kunna gje fartøy på storleik med Hurtigruta tryggare segling forbi det værutsatte Stadhavet:



Tunnelen er førebels kostnadsrekna til 2 mrd. kr.

### **Frå søknaden**

Prosjektgruppa for Stad skipstunnel driv påverknadsarbeid for å få realisert Stad skipstunnel som eit nasjonalt prosjekt prioritert i første fireårsperiode av NTP (2018- 2027), og med byggestart i 2018. Til dette arbeidet søker Prosjektgruppa for Stad skipstunnel om eit finansieringsbidrag på kr. 100 000 i 2016. Fylkeskommunane Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane har gjort vedtak om tilsvarande stønader for 2016.

### **Tidlegare løyvingar**

Fylkesutvalet har løyvd kr. 100 000 til prosjektgruppa for Stad skipstunnel for 2013 og i 2015. For 2014 vart det ikkje søkt om løyvingar til prosjektet.

### **Planstatus for Stad skipstunnel**

I Nasjonal transportplan (2014-2023) er Stad skipstunnel lagt inn i siste del av planperioden (f.o.m. 2018) med 1 milliard kroner. Prosjektgruppa har som målsetting å bli prioritert i første fireårsperiode av NTP (2018-2027) i samband med rullering av Nasjonal transportplan i 2017. Før Stortinget kan ta stilling til oppstart og kostnadsramme skal det utarbeidast eit forprosjekt, som deretter skal gjennom ei ekstern kvalitetssikring av styringsgrunnlag og kostnadsoverslag (KS2). Samferdselsdepartementet har bestilt forprosjekt og reguleringsplan, og Kystverket er godt i gang med forprosjektet. Kystverket oppgjer at dei vil ferdigstille forprosjektet vinter/vår 2017. Prosjektgruppa trur dette blir for seint i høve til rullering av NTP i 2017, og vil difor ta opp med departementet om det er mogeleg å starte opp KS2 parallelt med forprosjektet. Målet til prosjektgruppa er at prosjektet er mest mogeleg klart når ein kjem til rullering av NTP.

### **Fylkesrådmannen sine merknader**

Stad skipstunnel er eit viktig prosjekt for trygg og effektiv sjøtransport langs norskekysten. I Hordaland er det ved fleire høve blitt gjeve brei fylkespolitisk støtte til prosjektet. Vestlandsrådet gav 10.5.2012 slik uttale til forslaget til NTP 2014 – 2023, om Stad skipstunnel:

*«For sikker og effektiv sjøtransport langs norskekysten er Stad skipstunnel eit viktig prosjekt. Vestlandsrådet meiner at Stad skipstunnel må prioriterast i NTP 2014- 2023 som eit nasjonalt prosjekt.»*

Fylkesrådmannen rår til at fylkesutvalet gjev tilskott til Prosjektgruppa for Stad skipstunnel på kr. 100 000,- i 2016. Løyvinga vert dekkja innanfor samferdselsavdelinga sitt budsjett for 2016.